



# Indremisjonsvarden

Organ for Sogn og Fjordane Indremisjon



*«Det er frihet i ditt navn, det er nåde i din favn. Jesus du er, Jesus du er min Gud.  
Der på korset i mitt sted, din tilgivelse kom ned. Jesus du er, Jesus du er min Gud.»*  
-utdrag frå songen «frihet» © Sentrums 2016

Leiar: Indremisjon - kva er det?

s.2



Eg fortalte at det var aktuelt for meg å begynne å arbeide i Sogn og Fjordane Indremisjon. «Indremisjon, kva er det?» sa ho. Leiaren denne gongen kjem med nokre tankar rundt indremisjon.

Andakt

s.11



I denne utgåva gjengir me ein tekst frå boka «Jesus Freaks II» som andakt. «Historier om Guds kvinner og menn som forvandlet sin verden, De fryktet Gud, ikke mennesker.»

Samlande ungdomsleir:  
CROSSROAD

s.4



Helga 9.-11.februar var det samla over 60 ungdomar på Lyngmo under det nye leirkonseptet Crossroad som er eit samarbeid mellom TABU i Sunnfjord og leirarbeidet på Lyngmo.

# Indremisjon - kva er det?

## Indremisjonsvarden

Organ for Sogn og Fjordane  
Indremisjon

Kjem ut 4 gonger i året.

Utgjevar:  
Sogn og Fjordane Indremisjon

Ansvarleg redaktør :  
Sondre J. Orrestad  
Framsidedfoto: Hillerenfoto / Endre  
Hilleren

Postboks 415, 6853 Sogndal

E-post: [sogn.fjordane@imf.no](mailto:sogn.fjordane@imf.no)

## Tilsette i krinsen:

**Sogn og Fjordane Indremisjon**  
Krinnssekretær  
Sondre Johannes Orrestad

Forkynnar  
Gudmund Furnes

Barne- og familiekonsulent  
Runhild Øvreås

Områdearbeidar Bremanger  
Ivar Kristian Berland

**Sogndal Indremisjon**  
Forsamlingsleiar/Pastor  
Nils Jøssang

Forsamlingsarbeidar  
Karine Selseng Høiland og  
Elin Bye Duhrmann

**Bygstad Indremisjon**  
Forsamlingsarbeidar  
Linda Rusken Santistevan

Medarbeider  
Solveig Kårstad

## Krinsstyret består av:

Gudmund Furnes, Styreleiar

Joar Aarnes, nestleiar

Tone Rusken

Ole Inge Skagen

Jan Henry Tverberg

Bodil Brennesvik

Rune Nordbotten

Ottar Husum, 1.vara

Sogn og Fjordane Indremisjon er  
tilslutta Indremisjonsforbundet.

Overskrifta er teke utifrå ein samtale eg hadde med ei dame som kjøpte gamlebilen min før sommaren. Eg dreiv å pakka ut av leiligheita i Bergen, eg skulle flytte heim til vakre Sogndal. Me måtte sitje på golvet og signere kjøpskontrakt, for både sofa, bord og stolar var hamna i hengaren eg hadde lånt til å frakte flyttelasset. Samtalen var vel i beste fall noko overfladisk, men ho var interessert. Kvifor skulle eg flytte, kva gjorde eg på til vanleg, og kva skulle eg gjere i Sogndal? Eg fortalte at det var aktuelt for meg å begynne å arbeide i Sogn og Fjordane Indremisjon. «Indremisjon, kva er det?» sa ho.

Ja, kva er eigentleg Indremisjon? Eg forsøkte å svare på spørsmålet utifrå organisasjonstilknytning, bedehusmiljø, forsamling og så vidare. Det vart ein fin samtale der eg fekk forklart både litt om Indremisjon og andre misjonsorganisasjonar. Det slo meg ikkje før i ettertid, at eg burde ha nytta anledninga anleis. Her hadde eg brukt tida på å forklare kva indremisjon som organisasjon og samanslutnad er for noko, ikkje direkte feil, men me er vel meir enn ein organisasjon?

Min forgjengar, Trond Johansen, sa det slik: «..jeg er overbevist om at indremisjonen sin sak vil vokse når du og jeg blir «den ene» som kjenner kall til å være «den ene» som gjør Jesus kjent for «den ene» der vi bor, går, samles eller er. Blant folket!»

Føremålet til Sogn og Fjordane Indremisjon finn me i lovene våre og der står mellom anna at me skal *fremja Guds rike og halde oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid*. Kva er so indremisjonsarbeidet? Det er å gje evangeliet, den gode budskapet, til folket. Både dei som vedkjenner seg som kristne og dei som ikkje har høyrte om Jesus før! Det er uendelege måtar å gjere dette på. Mellom anna å fortelje folk kva som står i sentrum av vår organisasjon.

Den sjansen eg hadde med ho som kjøpte bil av meg, ein junidag, sitjande på golvet, den sjansen eg hadde til å fortelje evangeliet til den eine, den sjansen får eg nok ikkje igjen. Men kanskje eg får andre sjansar i framtida?

Eg trur dette er i kjerna av det å halde oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid, å minna kvarandre på dei sjansane me har! Å vere tydelege på at me er menneske, at me ikkje klarar sjølve! Å fortelje gjennom både ord og handlingar at «eg treng Jesus! Og det gjer du og!» Vil du vere med i indremisjonsarbeidet? Slik som det står i sangen Kjære Gud når eg bed:

*«Hjelp meg, Gud, til å gi Både pengar, arbeid og tid i den tenesta der eg er sett, slik at eg kan forvalte den rett. Gi meg kraft til å dele mitt brød Med dei menneska som er i nød. Hjelp meg søkje fornying og fred. Høyr meg, kjære Gud, når eg bed,»*

Eg treng i allefall guddommeleg hjelp til dette, heldigvis har Jesus lova at han er med oss til verdas ende!

I denne utgåva kan du lese om ulike måtar indremisjonsarbeidet gir utslag. Alt i frå korarbeidet på 90-talet, leir for unge og gamle på Lyngmo, du kan lese om forsamlinga i Bygstad og få nokre glimt frå studentar som går på Bildøy Bibelskule. Håpar bladet er til glede!

Sondre Johannes Orrestad

# Tilbakeblikk - Dykk i arkivet

Sogn og Fjordane Indremisjon i namnet er ikkje eldre enn 15 år, men før den tid var Indremisjonen i fylket delt opp i mindre krinsar. Ein av desse krinsane var Sogn Indremisjon. Frå Sogn Indremisjon har me eit rikt arkiv med utgåver av det som heitte Sognevarden.



## 50 år sidan

nr.3 15.febr. 1968

### For begge.

Ein mann bruka å seia til kona si: «Marie, du kan gå til kyrkja for oss begge».

Men ei natt drøymde han at han og kona stod framfor himmelporten og venta på å få koma inn. Då vart det sagt av engelen som gjorde teneste ved inngangen: «Marie, gå inn for begge».

Han vakna og fann att det var på tid også for han sjølv til å lata Guds ord få makt over han.

---

## Kristendom i praksis

«Som ganske ung, medan eg enno var ufrelst, budde eg hjå ei truande frue», skriv ein Guds ords forkynnar. «Det var mykje om å gjera for henne å vinna meg for kristentru. Ho vitna stendig for meg og synte stor omsut for meg.

I mellomtida gjorde ikkje noko av dette inntrykk på meg - og eg kan fortelja kvifor. Eg såg kor ukjærleg ho handsama steddatteren si. Det var ikkje mogeleg for meg å tru på den Gudskjærleiken som ho snakka så mykje om, og som svikta so totalt i dagleglivet.»

## 25 år sidan

nr.1 31.januar. 1993

**Håpet** er eit ungdomskor som driv både innadretta og utadretta evangeliseringsarbeid. Dei største evangeliseringstiltaka skjer innad i koret. Der har i år vore 75 skrevne medlemmer. Der stiller ca. 50 ungdomar på kva øving. Utfordringa med å ha samla so mange ungdomar er stor. Styret har eit ekstra ansvar for miljøet i koret. På kvar øving har dei ei lita andaktsstund. Som regel har kormedlemmer andakta. Spriket er stort i alderen på medlemmane i



frå 7.klasse til godt over 20 år. Det har og fungerer utruleig bra. Positivt å sjå satsinga på dei yngste lokale kreftene i Håpet. Pianisten går i 9.klasse og det same gjer mannen bak slagverket. Men



studentmiljøet set likevel eit sterkt og positivt preg på kormiljøet. Håpet er ein fin møteplass for dei lokale og studentane i Sogndal. Ikkje alle er i frå Sogndal. Mange av medlemmane er i frå Hafslo, Kaupanger og Hermansverk.

Det utadretta arbeidet koret driv, er fyrst og fremst songen og vitnesbyrda deira i songtenesta på bedehus og i kyrkjer. Men no på nyåret er Håpet medarrangør for ungdomstreff annakver fredag. Dette arbeidet har ein både forventning til og nød for. Desse kveldane og andre ting blir nevnt på bønemøta til Håpet. Lat dette også bli nevnt i di bøn, ta gjerne Håpet med òg!

Kjell Arvid

# Crossroad

9. – 11. februar var det endeleg tid for Crossroad 2018; ei ny storsatsing i leiararbeidet på Lyngmo.

Når innkvarteringa fredag kveld var over var over 80 deltakarar og leiarar samla på Lyngmo. Det er fantastisk å oppleve ungdommar frå heile Sogn og Fjordane samla til leir på Lyngmo. Det kom deltakarar frå Sogndal, Luster, Balestrand, Årdal, Florø, Førde, Bygstad og mange fleire bygder. Det er flott for ungdommane å samlast til leir og oppleve at dei er mange! Aktuell og spennande forkyning av Ingvild Hellenes og eit dyktig lovsongsteam gjorde til at ungdommane fekk mykje og godt åndeleg påfyll! I tillegg hadde leiarane planlagt rikeleg med kjekke aktivitetar. Det var Midnattsbandy, festkveld, tur til Lustrabadet og Sogn Skisenter, Crazy Games og som vanleg mykje god mat. Ungdommane sette også tydeleg pris på at Lyngmo var rigga med ekstra lyd- og lysanlegg, noko som løfta songen, musikken og opplevinga fleire nivå! Ein av deltakarane kommenter: «*Det var veldig moro. Beste eg har våre med på*». Det må vera ein god attest på eit vellukka arrangement og ein god inspirasjon til planlegging av neste ungdomsarrangement. Det neste som skjer for ungdommane på Lyngmo er rusfri ungdomskveld 16. mai. Då er alle frå 8. klasse og oppover velkomne!

Tekst og bilde: Lyngmo Ungdomssenter



«Grill ein kristen»-panelet svarte på spørsmål frå deltakarane under årets Crossroad.

Crossroad er eit samarbeid mellom NLM Region Vest og Sogn og Fjordane Indremisjon. Saman eig me Lyngmo, og saman ynskjer me å fortelje born, unge og gamle om Jesus.

Ingvild Hellenes frå NLM var hovudtalar på denne leiren, der tema var *Crossroad*, eller vegkryss om du vil. Deltakarane fekk god undervisning om korleis Gud verkar på dei som vel Han og at Jesus allereie har utvald oss! Det var god stemning og mange fekk gode opplevingar med Gud.

Evalueringa av leiren viser at me ynskjer å satse på Crossroad også neste år! Då satsar me på endå fleire deltakarar og at leiarar må tilbringe helga i hytter og telt!

“

«*Crossroad er eit utrueg bra opplegg som både er sosialt, kjekt og trusstyrkande. Eg og alle andre hadde det kjempebra på leiren. Veldig bra at det er fleire arrangement for ungdom, det trengs. For min del har slike leiar som Crossroad vore avgjerande for mi tru, og det å høyre til eit kristent fellesskap.*» skriv Ingrid Nordheim som var ein del av lovsangsteamet denne helga!

”

«*Helga var utruleg kjekk! I tillegg til ski, bading og anna leik og moro fekk ein høyre forkyning om kva det vil seie å måtte stå i vegskiljet mellom å tru på Jesus eller ikkje. Eg trur fleire vart utfordra til å tenkje over dei viktige spørsmåla i livet, nokre av dei for fyrste gong.*» skriv Lars Rugland Aarseth, Leiar NLM Ung Region Vest.



Sogn og Fjordane Indremisjon er avhengig av gåveinntekter for å drive misjon i Sogn og Fjordane.

Dersom du kunne tenke deg å gi ei gåve til Sogn og Fjordane Indremisjon er gåvene alltid motteke med takksemnd.

Set direkte inn på kontonr. **3785.60.63624**, bli fastgjevar eller gje ei gåve med Vipps, **Vippskode 137504**

«Kom med heile tienda til forrådsammeret så det fins mat i mitt hus. Prøve meg på denne måten, seier Herren over hærskarane. Eg skal sanneleg opna himmelens sluser og ausa ut over dykk velsigning utan mål.»

Malaki 3,10

# Intervjuet - med 3 på Bildøy Bibelskule

Bildøy Bibelskule ligg på Bildøyna på Sotra, utanfor Bergen. Skulen vart bygd i 1983 og er eigd av Indremisjonsforbundet (ImF). Sidan den gong har bibelskulen hatt mange elevar frå heile landet og mottoet «Med Guds ord til folket» har prega mange gjennom verksemda. I år er det tre studentar på Bildøy Bibelskule som kjem frå Sogn og Fjordane.

Det er Ann Merete Kirkeli, 19 år, frå Førde og Tom Kristian Hestad Kårstad, 23 år, frå Bygstad som begge går på KRIK-linja og Kristian Ålen, 19 år, frå Kvammen som går på Disippel-linja.

Studentane fekk anledning til å fortelje litt om bibelskulen og kvar dei trur vegen vidare vil føre dei.

Det kjekkaste hittil har vore bønn og det har også vore det mest lærerike, fordi eg merkar bøna si kraft og ser at personar, både meg sjølv og andre, blir forandra av bøn, seier Kristian.

Eg og to andre vener som eg går her med no, snakka tidleg om at det hadde vore moro med eit år på bibelskule. I den samanheng kom nok Bildøy fram som eit alternativ. Gudmund Furnes var nok presonen som fekk meg til å sjå nærare på skulen, som medførte at eg begynte akkurat her, seier Tom Kristian på spørsmålet om korleis han fekk høyre om Bildøy. Og fortset; eit år på bibelskule er noko eg vil anbefale alle. Eg trur at alle, sjølv ikkje-kristne, kan ha veldig godt av mykje av det som blir undervist. Mykje av undervisninga handlar ikkje berre om Bibelen, men om det å kjenne seg sjølv og korleis leve eit godt liv. Eg går på KRIK-linja og der gjer vi veldig mykje spennande. Vi driv med alt frå surfing og padling til klatring og toppturar, vinter som sommar.

Etter dette året kan eg ta med meg livsvisdom og styrka tru, som eg trur kan komme godt med i dei gode og harde tidene som livet vil bringa, seier Tom Kristian.



Ann Merete, Tom Kristian og Kristian i god driv på Bildøy Bibelskule. (foto:Ann Merete)

Etter bibelskulen håpar Tom Kristian at vegen vidare blir arbeid innan forvaltning av natur. På spørsmål om dei kunne tenkje seg å flytte heim att svarar Ann Merete at ho kan tenka seg å flytte heim att til Førde eller ein stad i Sogn og Fjordane. «Det er veldig fint her i Hordaland og på Sotra, men hjarta mitt bankar noko ekstra for det nydelege fylket Sogn og Fjordane. Eg tenkjer å utdanne med som tannpleiar, også kunne eg tenkt meg å arbeide som det og å delta i det kristne arbeidet som er der eg buset meg.»

Ann Merete seier at ho trur den beste måten å drive misjon i kvardagen på er å begynne med ein personleg relasjon til Jesus. For det er når ein lever i ein nær relasjon til Jesus at ein let han påverke måten ein handlar på. Då kan ein møte andre menneske med nestekjærleik og ein kan svare med frimodighet og utan redsle når ein får spørsmål om Jesus.

Eit bibelvers som betyr noko ekstra for meg må vere Salme 23 vers 1 seier Ann Merete. «Herren er min hyrde, det mangler meg ingenting.» Det verset seier so utruleg mykje! Eg anbefalar å lese heile Salme 23 avsluttar Ann Merete med.



frå heimesida til Bildøy Bibelskule [www.bildoybibelskole.no](http://www.bildoybibelskole.no) :

## Vi tror Bildøy er skolen for deg som

- Ønsker å bli bedre kjent med Bibelen og lære mer om innholdet i troen.
- Spør etter Guds plan og mål med livet.
- Ønsker å vokse og utvikle deg som menneske og som kristen.
- Rett og slett ønsker mer kunnskap og ferdigheter.

**Bildøy Bibelskule har løpande opptak utover våren. Skulen anbefalar å søke tidleg for å vere sikra plass. Sjå meir på heimesidene.**

# Krinssekretæren sitt hjørna

I denne spalta kan du lese litt om kva Krinssekretæren sin kvardag fyllest med.



Januar og februar so langt har gått veldig fort! Eg har fått vere med på mykje forskjellig. Eg har fått besøkt nokre av foreiningane våre, det er alltid kjekt! Eg har fått vore på ei samling på nyåret saman med dei andre kretsleiarane tilslutta ImF

og eg har fått vere med på første Basecamp (ungdomsklubb tilknytt Sogndal Indremisjon) og første ungdomstreff i Årdal. Ungdomstreff i Årdal er eit samarbeidsprosjekt mellom meg, Trond Kråvik i NLM og Inger Anne Eldegard i Årdal. Me håpar å kunne tilby ein samlingsstad for ungdommar, ein stad der me skal ha det kjekt og ein stad der me kan få lov til å gi vidare evangeliet gjennom ord og handlingar. Neste treff er tysdag 6.mars - ver gjerne med å be for dette!

Ellers har eg vore med på Crossroad på Lyngmo og nedanfor kan du lese litt om Awana, der eg var

heldig å få vere med på ein sokalla DNA-konferanse i Stavanger tidleg i februar!

Ellers dukkar det stadig opp saker og ting som eg som ny krinssekretær må setje meg inn i. Før jul fekk eg levert ei mengd med arkivmateriale til Fylkesarkivet, og eg (som er interessert i historie) ser med stolthet attende på alt arbeidet som har vore gjort både av friviljuge og løna medarbeidarar opp gjennom dei siste hundre åra i fylket! Likevel er det ei kjensgjerning, ting har endra seg. Det at ting har endra seg er jo ikkje berre negativt, men eg ser at me lever i ei tid der det er veldig mange endringar som påverkar oss som krets og som kristne. Dette er endringar i samfunnet, som gjer at me omstiller oss, endringar i kvardagen og endringar i behovet rundt om kring. Dette vil også medføre at me som krets må sjå på endringar som kan hjelpe oss i føremålet med å halde oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid og å fremme Guds rike i 2018 og åra som ligg framføre! Her er det viktig at du som les dette kjem med innspel til meg og andre, korleis kan me på best mogleg vis gi evangeliet vidare til nye!?

Takk til alle som ber for meg, fortset gjerne med det!  
Sondre Johannes Orrestad

## AWANA DNA-konferanse

Første helga i februar var det duka for den andre Awana DNA-konferansen. Eg var heldig og fekk anledning til å reise på denne.

Awana er eit av satsingsområda til Imf og har som motto: «Vi ønsker at barn og unge skal **kjenne, elske og tjene Jesus gjennom hele livet.**»

Awana er eit heilskapleg verktøy i arbeidet med born og unge frå dei er 2år til dei er 18år. Det er eit verktøy som skal hjelpe foreldre og føresette i å disippelgjere borna. Det er ein ressurs for familien og for kyrkja (menigheten).

På konferansen fekk eg høyre litt om historien til Awana, fekk undervisning om det å vere ein leiar, eg fekk vere med på / sjå på Awana-opplegget i praksis og ikkje minst fekk eg påfyll og inspirasjon til vidare arbeid blant dei framtidige generasjonane. Under denne konferansen var det 1/168 som var tema, eg skjønnte det ikkje - men poenget var godt når det vart forklart. Det er 1 av 168 timar i veka at borna er på Awana, klubb eller barnesamling - resten av timane - dei andre 167 må nokon andre ta seg av disippelgjeringa. Heimen og kyrkja må difor ha godt samspel og på begge frontar må dei unge få anledning til å bli kjent med Jesus. I dette arbeidet er det at Awana er tenkt som ein ressurs, det er eit verktøy for oss som har born og som står som leiarar. Eg kan med glede melde at det allereie er meldt inn fleire lag i Awana i kretsen vår (!) og eg håpar det blir fleire.

Det var tydeleg to ting som vart presentert som viktig i Awana-arbeidet. Det første var at samlingane skal vere prega av varme relasjonar - borna skal kjenne



Andreas Evensen frå Imf-ung set saman «heim og kyrkje» -plansen, fordi dei høyrer saman.

at dei er velkomne og verdifulle, det andre er Bibelen. I Awana er det spesielt lagt vekt på at borna skal, saman med foreldre og leiarar, lære seg vers og historiar frå Bibelen - fordi det er gjennom Bibelen at me blir kjent med Jesus!

Dersom du er interessert i å finne ut meir kan du sjekke ut heimesida [www.awana.no](http://www.awana.no) eller ta kontakt med krinskontoret.

Sondre Johannes Orrestad

# Foreiningsarbeidet

## Bygstad Indremisjon

### Søndagsmøter

Ca. 1 søndag i månaden har vi storsamling klokka 11.00 med eige Awana opplegg for borna kl 10:45. Vi har fellesskap, prisar Gud og undervisning. Under storsamlingane er det tre Awanagrupper. Cubbies/Puggles, Sparks og T&T. Etter Samlingane har vi alltid kyrkjekaffi.

### Bibelgruppe/husfellesskap

Vi er i ein prosess der vi ønsker å danne husfellesskap. Målet er 1 eller 2 grupper til april. I tillegg er det ei tidlegare etablert bibelgruppe i fellesskapet.

### Time Out

Dette er ei samling for barn som går i 5. og 6. klasse. Det er eit veldig populært tilbod med andakt, leikar og kiosk.

### Ungdomsklubb

Samling for ungdom 7. – 10. klasse. Ungdomsklubben samlar mellom 30-50 ungdommar frå Sande og Bygstad. På samlingane legg vi opp til ulike aktivitetar som Mesterens Mester o.l. ulike spel, andakt og kiosk. Neste ungdomsklubb er fredag 2.mars klokka 20:00-23:00.



Unge og gamle deltek i songen på Bygstad Bedehus.

### UngdomsAwana -journey

Annankvar fredag reiser ein gjeng på ca 8 ungdommar til Holmedal og deltar på deira Awanasamling for tenåringar. Målet vårt er å fortsette å ha dette ilag med Holmedal Indremisjon og til hausten satsar vi på å ha det annankvar gong i Bygstad og Holmedal. Neste samling er 9.mars på Holmedal bedehus kl.20:00.

### Konfirmasjon i regi av NLM, Bygstad og Holmedal Indremisjon

Annankvar mandag har vi felles konfirmantundervisning for dei som ønsker det. Opplegget er innhenta frå andre Indremisjons- og NLMforsamlingar. Det er ei grundig undervisning der ein går igjennom ulike sider ved treenigheten, bønn, kristenlivet og trua. Avsluttar med konfirmasjon på Skilbrei.

### Barnekor

I haust starta vi opp med barnekor på bedehuset annan kvar mandag. Barn frå 4 til ca 11 år samlast og syng. Her er det høg aktivitet og borna er kjempe flinke. Dei har allereie hatt fleire oppdrag både i Bygstad og Førde.

Annankvar mandag er det barneforeining for 1.-4- klasse. Her lagar dei ulike ting, leikar og har andakt. Neste samling er 5.mars kl.17:30.

### Bønnemøte

Kvar fredag møtest vi kl 9:30 for å be ilag. Vi opplever eit Gudsnerver og Hans ledelse når vi ber. Vi ser at Gud jobbar i bygda vår, i menneske vi ber for og i eigne liv. Dei siste månadane er det fleire vi har bedt for som har tatt imot Jesus. Dette er fantastisk inspirerende og spennande og gir oss inspirasjon til å be vidare for alle rundt oss!

I tillegg har vi hatt møteveker med Marit Stokken, og vi har hatt besøk av to ungdomsteam. Eit frå bibelskolen på Bildøy og eit frå Ungdom i Oppdrag.

Bygstad Indremisjon held til på Bygstad Bedehus.

**Velkomen til søndagsmøte 4.mars kl.16:00-18.00**

† Bygstad Indremisjon †



«Lyngmo er eigd av Norsk Luthersk Misjonssamband og Sogn og Fjordane Indremisjon. Drifta er retta mot leirar og andre arrangement for born og ungdom, familiar, vaksne og eldre. Barnelaga våre med Knøttekoret, Torsdagsklubben og Småbarnstreff er viktige for oss. I tillegg til dei ideelle arrangementa våre skaffar me midlar til drifta, ved å leige ut staden til overnatting, camping, selskap og konferansar.»

### Dette skjer på Lyngmo:

#### MARS 2017

- 2. – 4. Inspirasjonshelg for kvinner
- 9. – 11. Leir for 16.30
- 16. – 18. Leir for 2. – 4. klasse
- 23. – 26. Familieleir (Palmehelga)
- 28. mars – 1. april: Familieleir (Påskehelga)

#### APRIL 2018

- 5. Småbarnstreff
- 6. Vårbasar
- 8. Barnas supersøndag
- 12. Knøttekoret og Torsdagsklubb
- 14. Årsmøte Israelsmisjonen
- 19. Småbarnstreff
- 20.-22. Regionårsmøte NLM Region Vest
- 26. Knøttekoret og Torsdagsklubb
- 27.-29. Ordet og Israel - Stevne

#### MAI 2018

- 3. Småbarnstreff
- 9-12. Mannsleir, Sykkelleir - Vestlandsvegar 18
- 16. Ungdomstreff – rusfritt
- 24. Småbarnstreff
- 27. - 31. Leir Vi over 60

#### LOPPEMARKNAD

- 28. og 29. september 2018 vert det loppemarknad på Lyngmo Ungdomssenter. Me tek i mot lopper heile året! Ta kontakt FØR levering:  
Tlf: 57 68 43 66 / [lyngmo@lyngmoinfo.com](mailto:lyngmo@lyngmoinfo.com)

#### Selskap

Lyngmo har flotte lokale til konfirmasjonar, minnestunder og andre selskap. Ta gjerne kontakt for informasjon og tilbod  
Mail: [lyngmo@lyngmoinfo.com](mailto:lyngmo@lyngmoinfo.com) eller tlf: 57684366

#### Presang – gåvekort på leir

Av og til har fadrar, foreldre, besteforeldre, onklar, tanter og andre lyst til å gje ei gåve som betyr «litt meir». På Lyngmo er det leirar for born og ungdom heile året. Kanskje årets bursdags- eller julegåve kan være eit gåvekort på leir!! Ta kontakt med oss på Lyngmo for å kjøpe gåvekort!  
Mail: [lyngmo@lyngmoinfo.com](mailto:lyngmo@lyngmoinfo.com) eller tlf: 57684366

Sjå nettsida <https://www.lyngmoinfo.com> for nærare informasjon.

### Programmet for ” Vi over 60” 2018 er klart.

Dagane 28.-31.mai n.år vert den ellefte eldreleiren arrangert på Lyngmo. Audun Hjellvik frå ImF og Anna Sæther, NLM er talarane i år. Audun er med på eldreleiren for første gong, men har vore med på tidlegare bibelkurs på Lyngmo, arrangert av Indremisjonen. Anna Sæther har vore talar på eldreleir ein gong tidlegare.



Audun Hjellvik starta i 1971 som Emmisær for Nordhordland Indremisjon, men er no pensjonert



Anna Sæther har i perioden 1973- 2014 vore misjonær i Taiwan, fire år om gongen mellom kvar heimreise.

Mottoet for leiren i år er ”**Herren er min styrke og min lovsong, han har vorte mi frelse**” Salme 118:14.

I år får me besøk av Helge Gudmundsen. Han er kjend frå programmet ”Salmeboka minutt for minutt på NRK, i samband med presentasjon av den nye salmeboka. Dette var så vellukka at det var nesten uråd å få tak i salmeboka, då både forretningar og forlag var utselde for ei kort tid. Han vert med tysdagskvelden og vil då kåsera om salmemaraton på NRK. Nokre av salmane vert sunge. Onsdag føremiddag vil han fortelja om songane til far sin, Leonard Gudmundsen.

Turen i år går til Ornes. Her vert det omvisning i stavkyrkja med samlingsstund og servering i bedehuset. Bibeltimar og kveldsmøte ved talarane. Leiren vert avslutta med nattverdsstund . Dei siste åra har leiren vore fullteikna og det reknar me med vil skje i år og. Ver tidleg ute med påmeldinga!

For arrangementskomiteen  
Anders Alme



# Dette skjer i krinsen

Sogn og Fjordane Indremisjon er ein stor krins og det er mykje som skjer rundt på dei ulike stadane. Her kjem ei lita oversikt over kvar du finn informasjon om det som kan vere aktuelt å få med seg.

## Bygstad Indremisjon:

Held til på Bygstad Bedehus.

Bønemøte kvar fredag kl.09:00 og familiemøte annakvar søndag kl.11:00 eller kl.16:00.

Sjå nettsida : <http://byggstadindremisjon.no>

## Sogndal Indremisjon:

Har møter føremiddagsmøte annakvar søndag og kveldsmøte annakvar søndag i sine lokaler på Granden 23, Sogndal

Sjå oversikt på [www.sogndalimf.com](http://www.sogndalimf.com) og på [facebook.com](https://www.facebook.com) (SIM-Sogndal Indremisjonsforsamling)

## Hafslo Bedehus:

På Hafslo Bedehus er det mykje som skjer! Der finn me *Kjellargjengen*, ein klubb for 10år (5.klasse) og oppover annakvar torsdag kl.18-20. Neste gong er Torsdag 1.mars.Me har Luster Barnespel (frå 1.klasse og oppover) annakvar tysdag kl.17:30-18:45. Neste samling er 6.mars.

Det er også bønne møte nesten kvar onsdag kl.19-20. Det er også møter med ulike arrangørar, der Indremisjon er den største bidragsytaren. Tysdag 27.februar til Søndag 4.mars er det møteaksjon med Marit Stokken. Møte kvar kveld kl.19:30 (bønne møte kl.19) og søndag kl.11:00.

## Kaupanger Indremisjon:

Kaupanger Indremisjon held til på Kaupanger Bedehus, men har også samlingar i samarbeid med kyrkja. Her er det noko for alle aldersgrupper.

Sjå [facebook.com](https://www.facebook.com) (KIM - Kaupanger Indremisjon) for nærare informasjon.

## Bremanger Indremisjon:

Bremanger Indremisjon held for det meste til på Hauge Bedehus, der er det både måndagsklubb (3år-3.klasse) og hobbyklubb (4.-10.klasse). I tillegg blir det arrangert møter og andre samlingar.

Sjå [facebook.com](https://www.facebook.com) (Bremanger Indremisjon) for nærare informasjon.

## Reiserute for forkynnar Gudmund Furnes

Mars 2018

13.mars - Hyllestad

14.mars - Hestadgrend

15.-18.mars - disponibel - ta kontakt for å avtale møte

April 2018

03.april - Hyllestad

04.april - Hestadgrend

07.og 08.april - Hafslo Bedehus

## Reiserute for Krinssekretær Sondre J. Orrestad

Februar 2018

9.-11. februar - Crossroad, Lyngmo

25.februar - Sogndal Indremisjonsforsamling

Mars 2018

2.-4.mars - Inspirasjonssamling London

6.mars - Farnes Kyrkje, ungdomstreff kl.18:30

April 2018

3.april - Farnes Kyrkje, ungdomstreff kl.18:30

## Reiserute for Områdearbeidar Ivar K. Berland

Mars 2018

12.mars - Klubbane på Hauge.

13.mars - Møte på Berle.

14.mars - Haugetun og besøk av eldre.

15.mars - Klubbane i Kalvåg.

16.mars - Møte Hauge bedehus.

17.mars - Konfirmantdag i Svelgen.

## Marit Stokken , Forkynnar frå ImF

27.februar - 4.mars : Møteaksjon Hafslo Bedehus.

Møte kvar kveld kl.19:30, bønne møte kl.19:00. Søndag

4.mars er det møte både føremiddag, kl.11:00, og på kvelden, kl.19:30. Vel møtt!

**Dersom du kjenner til møter, samlingar, stemner o.l. for mars 2018 - juni 2018 som burde vere med i ei slik oversikt kan du sende ein e-post til [sogn.fjordane@imf.no](mailto:sogn.fjordane@imf.no).**

---

## Årsmøte 1.-3.juni 2018 - på Lyngmo

Hald av første helga i juni, 1.-3.juni, då er det Årsmøte for Sogn og Fjordane Indremisjon. I år blir årsmøtehelga på Lyngmo Ungdomssenter, Hafslo. Me håpar at flest mogleg kjem for å ta del i arrangementet og på sjølve årsmøtet. Kvar foreining med inntil 25 medlemmar kan senda to utsendingar. Foreiningar med meir enn 25 medlemmar kan sende ein utsending meir for kvar påbyrja 25 medlemmar. Maks 6 utsendingar per foreining. Underforeiningar kan sende ein representant kvar.(Jmf. Vedtektene §4).

Dersom det er saker som medlemmane ynskjer skal opp på Årsmøtet må desse vere styret i hende seinast 3 månadar før årsmøtet.

Innkalling og program vil bli sendt ut i løpet av Mars 2018 og vil også bli tilgjengeleg på heimesida [www.sfi-imf.no](http://www.sfi-imf.no) .

## For unge og gamle

### Kva av Jesu Ord manglar her :

(bruk av hjelpemiddel er lov)

«Gud sende ikkje ... .. til verda for at han skulle  
..... verda, men for at ..... skulle bli frelst ved ...»

Teksten finn du i Johannes 3,17

### Kva av Jesu Ord manglar her :

(bruk av hjelpemiddel er lov)

«Og dette er det evige ....., at dei ..... deg, den  
einaste ..... .., og han du sende, ..... Kristus.»

Teksten finn du i Johannes 17,3

#### Bibelquiz for born:

1. Kva skapte Gud den femte dagen av skapinga; sola, menneska eller fuglane?
2. Korleis klarte mor til Moses å berga han frå å bli drepen av Farao då Moses var ein baby?
3. Kva våpen brukte David for å bekjempe Goliat?
4. Kledda som Johannes døyparen brukte, var dei laga av saueskinn, silke eller kamelhår?
5. Kva apostel gjekk på vatnet for å møte Jesus?
6. Jesus møtte Sakkeus under eit tre, ein blind mann ved vegkanten, og Nikodemus kom heim til han om natta. Men kva møtte Jesus den samaritanske kvinna?
7. Kven av Jesu disiplar var tollar; Tomas, Johannes eller Matteus?
8. Kva heitte fangen som vart slept fri i staden for Jesus den dagen Jesus døydde?
9. Kva teikn i naturen viser oss at Gud ikkje vil laga ein storflaum igjen, slik som på Noah si tid?
10. Kven var det som vart frista av djevelen til å gjere steinar om til brød; Moses, Jesus eller Paulus?

#### Bibelquiz for vaksne:

1. Kven var den første personen i Bibelen som bygde eit alter for Herren?
2. Kven var far til Set, Adam, Noah eller Jakob?
3. Kva nummer i kongerekka hadde Salomo?
4. Kvar var Nebukadnesar konge, i Juda, Persia eller Babylon?
5. I kva likning er det Jesus tydeleg ber oss om å læra?
6. Kva heitte staden der Jesu himmelfart skal ha føregått; fjellet Hermon, fjellet Karmel eller Oljeberget?
7. Kven overtok plassen etter Judas som ein av dei 12 apostlane?
8. Kva er opphavet til kunnskap og visdom ifølgje Ordtøka; frykt for Herren, å lyda Guds bod, eller eit rettferdig sinn?
9. Kven skreiv dei fleste av bøkene i Det nye testamentet?
10. Kven var det kong Herodes kasta i fengsel, og som seinare vart berga ut av fengselet av ein engel?

Svar, bibelquiz for born  
1. Fuglane (1 Mos 1,21-23)  
2. Ho laga ei kiste og gøymte han ved breidda av Nilen (2 Mos 2,1-6)  
3. Ei steinslyngje (1 Sam 17,48-50)  
4. Kamelhår (Matt 3,4)  
5. Peter (Matt 14,22-32)  
6. Ved ein brønn (Joh 4,3-15)  
7. Matteus (Matt 9,9)  
8. Barabbas (Mark 15,6-15)  
9. Regnbogen (1 Mos 9,9-17)  
10. Jesus (Luk 4,1-4)

Svar, bibelquiz for vaksne  
1. Peter (Apg 12,1-10)  
2. Adam og Eva (1 Mos 4,25)  
3. Den tredje (1 Kong 2,12)  
4. Babylon (Dan 1,1)  
5. Likninga om fikentreet (Matt 24,32)  
6. Frykt for Herren (Ordt: 1,7; 8. Frykt for Herren (Ordt: 1,7; 7. Mattias (Apg 1,15-26)  
8. Frykt for Herren (Ordt: 1,7; 9. Paulus (Apg 1,9-12)  
10. Frykt for Herren (Ordt: 1,7; 9. Paulus (Apg 1,9-12)

Svar, bibelquiz for vaksne  
1. Noah (1 Mos 8,20)  
2. Adam og Eva (1 Mos 4,25)  
3. Den tredje (1 Kong 2,12)  
4. Babylon (Dan 1,1)  
5. Likninga om fikentreet (Matt 24,32)  
6. Frykt for Herren (Ordt: 1,7; 7. Mattias (Apg 1,15-26)  
8. Frykt for Herren (Ordt: 1,7; 9. Paulus (Apg 1,9-12)  
10. Peter (Apg 12,1-10)

# Andakt

I denne utgåva gjengir me ein tekst frå boka «Jesus Freaks II»\* som andakt. Boka presenterer mange små og nokre lengre «Historier om Guds kvinner og menn som forvandlet sin verden, De fryktet Gud, ikke mennesker.» Det er ekte vitnesbyrd gjengitt som historiar me kan lære noko av.

\*Jesus Freaks Vol II © 2003 Hermon Forlag s.221-223

## Lysbæreren

Gregor

Armenia

301 e.Kr.

Da Gregor våknet på slottet, måtte han skygge for øynene med hånden på grunn av det sterke sollyset. Han kunne ikke la være å beundre den klare dagen der han kikket ut på landskapet. Det var fjorten år siden han sist hadde sett solen og pustet i frisk luft. Han var ikke sikker på om han tålte det, men han trakk inn så mange inntrykk som mulig likevel. Han tenkte med æresfrykt på synet av Araratfjellet, som var det første som hilste ham da han forlot fengslet i Khor Virap. Han hadde aldri sett noe vakrere i sitt liv.

Da vaktene ledet ham gjennom slottets haller, var han et underlig syn i sterk kontrast til prakten i det armenske kongeslottet. Da han stanset ved et veggteppe, betraktet en av vaktene ham inngående. Håret var langt og ustelt, og skjegget gikk nesten til livet. Selv om han ikke var stort mer enn 40 år, var håret grått, og han så ut som om han var i 60-årene. Han var utmagret, og klærne han bar egnet seg ikke engang som filler.

Men, tenkte vakten, vi kan ikke kaste bort tiden her. Kongens søster har jo sendt bud på ham. «Kom,» sa han til mannen. «Vi er ventet et annet sted.»

Gregor fulgte føyelig med uten å si et ord.

Da de trådte inn i en audienssal, reiste kongens søster, Khosrovitookht, seg. Hun gikk dem i møte og tok fangens hender i sine. Igjen ble vakten slått av den sterke kontrasten mellom den kongelige personen og denne ynkelige fangen. Det virket så frastøtende på ham at han uvilkårlig trådte et skritt fram for å skille dem. Men i stedet for å sette pris på vaktens omtanke, snudde hun seg mot ham og ba ham gå.

«Bror Gregor, du har så ofte ønsket meg velkommen i *hjemmet* ditt. Nå er jeg glad jeg kan ønske deg velkommen i mitt,» sa Khosrovitookht og siktet til sine hyppige gemmelige besøk hos Gregor i cellen i Khor Virap, der broren hennes hadde holdt han innesperret i fjorten år.

Gregor smilte ved disse ordene, og en liten stund så hun ham inn i øynene. Til tross for utseendet ville hun aldri trodd at dette var en mann som nettopp var blitt løslatt fra mange års innesperring i en hule. Han utstrålte fred som solen utstråler lys.

«Jeg har ordnet med løslatelse for deg,» begynte hun forsiktig. «Min bror, kongen ... er ikke frisk.» Hun fortalte ham resten av historien. Etter Gregors fengsling var kong Tiridates III, hennes bror, blitt mer og mer voldsom i sine forsøk på å utrydde kristendommens «kjetteri» i Armenia, noe hun tidligere hadde fortalt ham om ved besøkene sine. Fryktelige ting hadde skjedd siden sist hun hadde sett ham. Mange var blitt drept, men flere og flere bekjente Jesus som herre. Ved den siste henrettelsen hadde Tiridates selv dratt av sted for å se på at en gruppe hripsimeianske nonner ble drept. Hun visste ikke nøyaktig hva som hadde skjedd, men hver gang hun spurte folk om det, så de nærmest skyldbetyngt ut og svarte at dette ikke var noe for en prinsesses ører. Da en bekymret pasje endelig våget seg inn til ham med mat noen dager senere, knuste kongen alt, og det var bare så vidt pasjen slapp fra det med livet i behold. «Jeg er redd han er blitt sinnssyk,» fortalte prinsessen. «Ingen går inn til ham uten frykt for at han vil drepe dem. Jeg vet at dette er lønnen for alt det onde han har gjort, men det har også ført til at jeg har kunnet sørge for din løslatelse ...»

«Før meg til ham,» avbrøt Gregor henne.

Prinsessen stirret vantro på ham. «Har du ikke skjønnet hva jeg har sagt? Dette er mannen som kastet deg i fengsel for så mange år siden! Han kommer til å drepe deg! Du av alle mennesker! Du kan ikke gå til ...»

Igjen avbrøt Gregor henne. «Før meg til ham. Som jeg har forsøkt å lære deg, er Gud kjærlighet. Han har ikke forbannet majestetens for at jeg skal bli løslatt, men heller ført meg hit for majestetens skyld.»

Prinsessen kom ikke med flere innvendinger, men gjorde som Gregor ba om. Hun tilbød ham et bad og klesskift, men han sa det kunne vente til han hadde sett kongen.

Khosrovitookht førte Gregor til kongens rom, åpnet den stengte døren for å slippe han inn og stengte den etter ham. Det ble en del støy til å begynne med, så ble alt stille. Hun satt lenge og ventet og ba utenfor døren. Hvorfor var det så stille? Hadde Tiridates drept Gregor? lå han død på golvet mens hun satt her?

Så hørte hun at det banket på døren. Hun skyndte seg å åpne den forsiktig og ble lettet da hun fikk se Gregors bleke ansikt. Men det som forbauset henne enda mer, var at broren, som nå var rolig og fattet, fulgte ham.

I løpet av de neste ukene ble kongen og alle på slottet døpt som kristne. Armenia ble det første landet som legaliserte kristendommen, tolv år før Kanstantins Milano-edikt anerkjente kristendommen i Romerriket.

Gregor ble i årene som fulgte kjent av det armenske folket som «Gregor lysbæreren» eller «Opplyseren» fordi han brakte forstandens og kristendommens lys til kongen.

**Kongens hjerte er som vannbekker i Herrens hånd.  
Han bøyer det dit Han vil.**

Salomo  
(Ord 21,1)

**RETURADRESSE:**  
SOGN OG FJORDANE INDREMISJON  
Postboks 415,  
6853 SOGNDAL



## Visste du at ... ?

**Indremisjonsforbundet har sitt eige forlag.**



SAMBÅNDET  FORLAG

Sambåndet forlag har gitt ut ein kronlogisk bibelleseplan.  
Du kan enkelt bestille den på [www.sambaandetforlag.no](http://www.sambaandetforlag.no) ellers har me også nokre eksemplar på kretskontoret som er mogleg å kjøpe for 20 kroner.



**orrestad89** #awana #1/168 #sfindremisjon  
@sfindremisjon

---

Dersom du er på eit møte eller eit arrangement i kretsen, ta eit bilete, legg til hashtaggen #sfindremisjon (biletet må vere offentleg), so får du det på trykk her.

---

---

## Kontaktinformasjon

Du kan ta kontakt med oss på følgjande måtar:

Facebook:

<https://www.facebook.com/SFIndremisjon>

Heimeside: [www.sfi-imf.no](http://www.sfi-imf.no)

E-post: [sogn.fjordane@imf.no](mailto:sogn.fjordane@imf.no)

Postadresse: Pb.415, 6853 Sogndal

Du er også velkomen til kontoret vårt i  
Fjørevegen 10, 6856 Sogndal

Eller du kan ta kontakt direkte med Krinssekretær  
Sondre J. Orrestad

e-post: [s.orrestad@imf.no](mailto:s.orrestad@imf.no)

tlf. 482 89 762

---

Hugs å melde frå til krinskontoret om du får ny adresse. Du kan også melde endring og oppseiing på heimesida.

---



Sogn og Fjordane Indremisjon